





ГАРДНИК ВІСІВАТНЕТ

## 2. Universell utforming

Gapahuken vert plassert i eit mykje brukt friluftsområde, like ved ein turveg som er under bygging. Det skal vera sitjebenkar på alle sider i gapahuken. Gapahuken vil såleis fungera som ein kvile- og rasteplass både for dei som brukar området og dei som er på tur. Personar som ikkje klarar å gå så langt, vil kunna ta pause under tak i gapahuken.

Gapahuken vil få trinnlaus tilgang, med grus i golvet. Arealet i gapahuken er stort nok til at ein kan snu ein rullestol.

## 3. Arkitektur og estetikk og miljøtilhøve

Området der gapahuken skal stå har fått byggeskikkpris i Nordhordland. Bygga som står der frå før er eit gamal tømra kvernhus med torv på taket, og eit pumpehus bygd i same stil som kvernhuset. Gapahuken er tenkt bygd i same stil som desse to bygga, med tilsvarande kledning, fargeval og torv på taket. Den skal plasserast inn mot ei høgde i terrenget slik at den skal ta minst mogleg sikt mot Nesvatnet.

## 4. Plass i kommunal plan

Anlegget er med i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Anlegget står i handlingsplanen for nærmiljøanlegg på uprioritert plass.

## 5. Behovsoppgave

Gapahuken ligg i eit mykje brukt friluftsområde i kommunesenteret. Området vert mykje nytta av skular og barnehagar, og også av eldre. Det er ein turveg under bygging like ved området, noko som vil auka bruken av området. Gapahuken er tenkt å gje le og tak over hovudet for alle som er i området.

Det er ingen andre tilsvarande bygg i nærleiken.

## 6. enkelt kostnadsoverslag

Planering	17 000
Material og arbeid	95 370
Beising	5 000
Sum	115 370

## 7. foreløpig plan for finansiering og drift

Støtte frå Hordaland fylkeskommune	30 000
Spelemidlar	57 000
Dugnad	3 000
Eigne midlar	25 370
Sum	115 370

**RADØY KOMMUNE**

Tlf.nr. 56 34 90 00

10/10-16  
Bente K. Herne

Kommunen har ansvar for drift og vedlikehald av gapahuken.

